

## KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 205/2006

2009/EØS/63/62

av 6. februar 2006

**om endring av vedlegg I og II til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse, med omsyn til toltrazuril, dietylenglykolmonoetyleter og polyoksyetylenorbitanmonooleat(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 2 og 3,

med tilvising til fråsegner frå Det europeiske lækjemiddelkontoret, som er gjevne av Utvalet for veterinærpreparat, og

ut frå desse synsmåtane:

1) Alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon, skal vurderast i samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90.

2) Toltrazuril er ført opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 for musklar, hud og feitt, lever og nyrer frå kjuklingar og kalkunar, med unntak for dyr som produserer egg for konsum, og for musklar, hud og feitt, lever og nyrer frå svin. I påvente av at vitenskaplege granskningar skal fullførast er toltrazuril òg ført opp i vedlegg III til den nemnde forordninga for musklar, feitt, lever og nyrer frå storfe, med unntak for dyr som produserer mjølk for konsum. Desse granskningane er no vortne fullførde, og oppføringa av toltrazuril i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 bør difor utvidast til å omfatte storfe. Oppføringa bør òg utvidast til å omfatte

musklar, feitt, lever og nyrer frå alle pattedyrartar som vert nytta til produksjon av næringsmiddel, med unntak for dyr som produserer mjølk for konsum, og for musklar, hud og feitt, lever og nyrer frå fjørfe, med unntak for dyr som vert nytta til produksjon av egg for konsum.

3) Stoffet dietylenglykolmonoetyleter er ført opp i vedlegg II for storfe og svin. Oppføringa for dietylenglykolmonoetyleter bør utvidast til å omfatte alle drøvtyggjarar.

4) Stoffet polysorbat 80 er ført opp i vedlegg II til forordning (EØF) nr. 2377/90 for alle artar som vert nytta til produksjon av næringsmiddel. Denne oppføringa bør bytast ut med det generiske namnet polyoksyetylenorbitanmonooleat, som omfattar både polysorbat 80 og polysorbat 81, for alle artar som vert nytta til produksjon av næringsmiddel.

5) Forordning (EØF) nr. 2377/90 bør difor endrast.

6) Det bør fastsetjast ein tilstrekkeleg lang frist før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere dei tilpassingane som i lys av føresegnene i denne forordninga kan vere naudsynte i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/82/EF av 6. november 2001 om innføring av et fellesskapsregelverk for veterinærpreparater<sup>(2)</sup>.

7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for veterinærpreparat —

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 34 av 7.2.2006, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 116/2006 av 22. september 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60, 30.11.2006, s. 30.

<sup>(1)</sup> TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 6/2006 (TEU L 3 av 6.1.2006, s. 3).

<sup>(2)</sup> TEF L 311 av 28.11.2001, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/28/EF (TEU L 136 av 30.4.2004, s. 58).

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 2**Artikkel 1*

Vedlegg I og II til forordning (EØF) nr. 2377/90/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 8. april 2006.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 6. februar 2006.

*For Kommisjonen*

Günter VERHEUGEN

*Visepresident*

---

## VEDELGG

A. I vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert følgjande stoff sett inn:

2. Parasittmidler

2.4. Midler mot protozoer

2.4.1. Triazinderivater

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev
« <b>Toltrazuril</b>	Toltrazurilsulfon	Alle pattedyrarter som brukes til produksjon av næringsmidler <sup>(1)</sup>	100 µg/kg 150 µg/kg 500 µg/kg 250 µg/kg 100 µg/kg 200 µg/kg 600 µg/kg 400 µg/kg	Muskler Fett <sup>(2)</sup> Lever Nyrer Muskler Hud og fett Lever Nyrer
		Fjørfe <sup>(3)</sup>		

<sup>(1)</sup> Skal ikke brukes til dyr som produserer melk for konsum.

<sup>(2)</sup> For svin gjelder denne grenseverdien «hud og fett i naturlig forhold».

<sup>(3)</sup> Skal ikke brukes til dyr som produserer egg for konsum.»

B. I vedlegg II til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert følgjande stoff sette inn:

2. Organiske forbindelser

Farmakologisk virksomme stoffer	Dyreart
« <b>Dietylenglykolmonooctyleter</b>	Alle drøvtyggere samt svin»

3. Stoffar som er allment anerkjent som uskadelige

Farmakologisk virksomme stoffer	Dyreart
« <b>Polyoksetylenorbitanmonooleat</b>	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler»